



**Klepp ungdomsskule**  
Stasjonsvegen 26b  
4352 KLEPPE

---

## Forventningar til foreldrekontakter ved Klepp ungdomsskule

Gratulerer! Du er foreldrekontakt (også kalt klassekontakt) for din klasse dette skuleåret.

Du har ein viktig jobb med å hjelpe skulen og kontaktlærarane med å bidra til eit godt klassemiljø, og dermed eit godt læringsmiljø. Når elevar er trygge på skulen og trygge på kvarandre, lærer dei meir. Når elevane kjenner fleire av foreldra i klassen og foreldre kjenner kvarandre, er det med å forebygge uønska atferd og det bidrar til trygge elevar.

Kva innebærer dette ansvaret?

- Du kan fungere som ein kontaktperson mellom føresette i klassa og skule/kontaktlærar. Foreldre kan alltid ta direkte kontakt med skulen og kontaktlærar, men det kan i nokre tilfelle vere bra å drøfte ei sak med andre foreldre på førehand. Du som foreldrekontakt vil vere ein naturleg kontaktperson for dette.
- Du skal ta initiativ til minst ein fellesaktivitet iløpet av kvart semester: Dette bør skje på ettermiddag/kveldstid og involvere både føresette og elevar. I hovudsak skal aktiviteten gjelde alle elevane, men det kan og vere aktuelt å ha noko for berre gutane eller berre jentene (husk at dette må avgjerast i samråd med skulen).  
Eksempel på aktivitet kan vere (dette er eksempel ting som er gjort):  
Spelekveld, grillfest, filmkveld med pizza på skulen, mattekveld (løyse oppgaver ilag med foreldre), sykkelstur/utflukt, rydding av søppel på strendene med felles grilling etterpå, lage mat ilag på skulekjøkkenet.  
Det er mange muligheter. De kan også bruke skulen på ettermiddag/kveld, men då må det vere ein tilsett med som har kontroll på låsing og alarm. De kan ikkje overnatte på skulen – dette er ikkje godkjent ihht brannteknisk forskrift.
- På 10. trinn: Siste skuleveka på våren i 10. trinn, er det forventa at foreldrekontakter tek initiativ til ein utflukt/tur på dagtid (kan vere med overnatting) som ein avslutningstur for klassen. Skulen gjer beskjed i forkant kva dagar som er aktuelle å bruke til dette. Som regel er kontaktlærarar med på denne. Max ei overnatting.

August 2017

Kjetil Myklebust  
Konst.rektor